

Fra: Jon Askeland (jon.askeland@radoy.kommune.no)

Sendt: 26.09.2018 14:19:40

Til: Rasmus Laupsa Rasmussen; John Martin Jacobsen

Kopi: Even Vaular; Håkon Rasmussen

Emne: SV: SV: Trafikksikring av Bredalsmarken og Torgborg Nedreaas gate

Vedlegg:

Det har eg herved gjort.

Eg bestiller at saka kjem opp i neste FTU.

Med helsing

Jon Askeland

Ordførar

Radøy kommune

Tlf 47 45 97 20

Tlf 56 34 90 10

WWW.radoy.kommune.no



Fra: Rasmus Laupsa Rasmussen [mailto:Rasmus.Laupsa.Rasmussen@hfk.no]

Sendt: 26. september 2018 14:05

Til: John Martin Jacobsen

Kopi: Jon Askeland; Even Vaular; Håkon Rasmussen

Emne: Re: SV: Trafikksikring av Bredalsmarken og Torgborg Nedreaas gate

Hei, og takk for fyldig og grundig svar!

Hvordan går vi frem for å få det meldt inn til fylkestrafikksikringsutvalget?

Rasmus

Sendt fra min iPhone

25. sep. 2018 kl. 14:58 skrev John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>:

hei,

ei utfordring når det gjeld Bredalsmarken / Torborg Nedreaas' gate (Rv555) er at dette er riksveg. Dei søkbare midlane over FTU og ekstraløyvingane som er gjort dei siste åra har vore til fylkes- og kommunal veg. Det kan vere aktuelt å nytte såkalla programområdemidlar knytt til trafikksikring over riksvegbudsjettet. Dette er midlar som ikkje er ein del av miljøløftet, men som staten styrer på eige hand.

Vi har sjekka opp status for tiltaket med Statens vegvesen/miljøløftet. Dei skriv følgjande i si tilbakemelding (se under):

«Det blir nå innført fartsgrense 40 km/t i rv. 555 Bredalsmarken og Torborg Nedreaas gate. Det er nylig fattet vedtak om dette og vi utarbeider skiltplan med henblikk på snarlig gjennomføring. Dette finansieres av statlige midler.

Vi vil nevne at det også er prosjektert en opprustning av fortauet i Torborg Nedreaas gate, dette i regi av SVV på drifts- og vedlikeholdssiden. Dette er imidlertid et kostbart tiltak og finansieringen er så langt ikke avklart, slik at det er vanskelig å si når det evt. kan utføres.»

Eit forslag om ein ønskjer å løfte saka vidare kan vere at trafikksikring av Bredalsmarken og Torgborg Nedreaas gate kan bli meldt inn til fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

Mvh

John Martin Jacobsen
Seksjonsleiar
Samferdselsavdelinga | vegseksjonen
<[image003.gif](#)>

Agnes Mowinckels gt 5 | Pb 7900 | 5020 Bergen
97 14 22 74 | jmj@hfk.no
www.hordaland.no

Fra: Paule Solveig <solveig.paule@vegvesen.no>
Sendt: tirsdag 25. september 2018 07:16
Til: Even Vaular <Even.Vaular@hfk.no>
Emne: VS: Spørsmål om trafikksikring og statlege programområdemidlar

Hei, se svar fra Trond Hollekim i SVV under her. ☺

Med hilsen
Solveig Paule

Sekretariatsleder Miljøløftet

<[image001.png](#)>

Miljøløftet Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Besøksadresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN
Mobil: +47 93053457 **e-post/Skype:** solveig.paule@vegvesen.no
www.vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

Fra: Hollekim Trond
Sendt: 24. september 2018 16:41
Til: Paule Solveig <solveig.paule@vegvesen.no>
Kopi: Korneliussen Mats <mats.korneliussen@vegvesen.no>; Lillebø Sindre <sindre.lillebo@vegvesen.no>
Emne: SV: Spørsmål om trafikksikring og statlege programområdemidlar

Hei Solveig,
reguleringsplanen som omfatter miljøgaten forutsetter bl.a. at riksveien legges om fra rundkjøringen og får ny trase over kaiområdet helt til Nøstet. Reguleringsplanen ble stadfestet i 2007 og er foreldet i forhold til ekspropriasjonsadgang. Vi har i vinter gitt en orientering om status til MISA se vedlegg.

I Miljøløftets handlingsprogram 2018–21 er de statlige midlene dedikert til programområdetiltak som fremkommelighetstiltak for kollektivtiltak, sykling og gåing. Gjennomføring av reguleringsplan som omfatter bl.a. miljøgate i Torborg Nedreaas gate ligger ikke inne eller er prioritert som slikt programområdetiltak i ML.

Fysiske TS-tiltak i ML er knyttet til fylkesvei og omfattes ikke av de statlige programområdemidlene.

Midler til TS-tiltak på riksvei må generelt tas over NTP. Det er ikke satt av midler til eller prioritert TS-tiltak på denne strekningen i NTP's gjeldende handlingsprogram

Kortsiktige tiltak i Torbog Nedraas gate:

Det blir nå innført fartsgrense 40 km/t i rv. 555 Bredalsmarken og Torbog Nedreaas gate. Det er nylig fattet vedtak om dette og vi utarbeider skiltplan med henblikk på snarlig gjennomføring. Dette finansieres av statlige midler.

Vi vil nevne at det også er prosjekt en opprustning av fortauet i Torbog Nedreaas gate, dette i regi av SVV på drifts- og vedlikeholdssiden. Dette er imidlertid et kostbart tiltak og finansieringen er så langt ikke avklart, slik at det er vanskelig å si når det evt. kan utføres.

Mvh
Trond H

Fra: Paule Solveig

Sendt: 24. september 2018 12:19

Til: Hollekim Trond <trond.hollekim@vegvesen.no>

Emne: VS: Spørsmål om trafikksikring og statlege programområdemidlar

Hei, kan du hjelpe meg med denne – se under. ☺

Med hilsen
Solveig Paule

Sekretariatsleder Miljøløftet

<image001.png>

Miljøløftet Bergen

Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER

Besøksadresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN

Mobil: +47 93053457 **e-post/Skype:** solveig.paule@vegvesen.no

www.vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

Fra: Even Vaular [<mailto:Even.Vaular@hfk.no>]

Sendt: 24. september 2018 12:03

Til: Paule Solveig <solveig.paule@vegvesen.no>

Emne: Spørsmål om trafikksikring og statlege programområdemidlar

Hei Solveig!

Eg sit i faggruppe trafikksikring i Miljøløftet for Hordaland fylkeskommune og jobbar elles mykje med fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland og trafikksikring generelt. Det er eit stort engasjement for trafikksikkerheita i Bredalsmarken og Torbog Nedreaas' gate (Rv555 på Dokken), som kanskje vert løfta til politisk nivå i fylket. Her har det vore snakk om å laga ei miljøgate med fartsgrense 40 km/t. Trafikksikring på riks- og europaveg i Bergen – går det av dei statlege programområdemidlane i Miljøløftet, eller er det halde utanfor byvekstavtalen? Dersom det er innanfor Miljøløfte-paraplyen, kjenner du til om tiltaket har vore diskutert opp mot prioriteringane for statlege programområdemidlar?

Og kven er det som gjer prioriteringane for desse midlane?

Beste helsing

Even Vaular

Rådgjevar

Samferdselsavdelinga | vegseksjonen

<image002.png>

Tlf: 488 93 912

www.hordaland.no

Fra: Rasmus Laupsa Rasmussen

Sendt: fredag 21. september 2018 09:41

Til: John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>

Kopi: Jon Askeland <jon.askeland@radoy.kommune.no>

Emne: VS: Trafikksikring av Bredalsmarken og Torgborg Nedreaas gate

Hei John Martin.

Jeg har hatt et kort møte med Hele Unneland som sender epost under om trafikksikring i Torborg Nedreaasgate. Jeg har også helt kort drøftet saken med Jon Askeland. Jeg har og kontakt med Bergen om saken, som er opptatt av å få gjort noe med den ganske alvorlige trafikksikkerhetssituasjonen i dette området. Jon mente at det kanskje finnes trafikksikringsmidler som kan bruke i denne sammenheng. Hvordan går vi i så fall frem? Må Bergen for eksempel søke om midler?

Rasmus

Fra: Helene Unneland <heleneunneland@gmail.com>

Sendt: 10. september 2018 22:19

Til: Rasmus Laupsa Rasmussen <Rasmus.Laupsa.Rasmussen@hfk.no>

Emne: Trafikksikring av Bredalsmarken og Torgborg Nedreaas gate

Hei,

Eg tar kontakt med deg etter tips frå din kollega i kommunen, tidlegare politisk rådgjevar Peter Hatlebakk. Eg har vore i dialog med han fordi vi som bur i og brukar Bredalsmarken og Torgborg Nedreaas gate er uroa for trafikksikringa. Etter det vi kjenner til gjennom dialog med Statens vegvesen, samt ei sak i BT i august, skal fartsgrensa i Bredalsmarken og Torgborg Nedreaas gate settast ned til 40 km. Det er flott, men det er også heilt nødvendig å få utbetra fortauet på den eine sida av vegen i Torborg Nedreaas gate. Eg legg ved eit notat som er utarbeida for å skildre situasjonen, sjå vedlegg.

Vi har vore i direkte dialog med Statens vegvesen om dette, og dei seier seg einige i behovet, men seier det ikkje finnast pengar på budsjettet til denne vegen. Marthe Hammer tok også saka opp i fylkets utvalg for miljø og samferdsel (referat: <http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/ShowDmbDocument?mId=685&documentTypeId=MP>) på slutten av 2017. Statens vegvesen stadfesta at fortauet ber preg av vedlikeholdsetterslep, men ville ikkje love at dette blir prioritert i budsjettet: «Vegstrekninga har eit vedlikeholdsetterslep spesielt når det gjeld tilstanden på fortauet langs husfasaden i Torborg Nedreaas gate. Oppgradering av dette fortauet er eit investeringstiltak som går ut over normale drifts- og vedlikeholdstiltak. Det ligg ikkje føre planar om slik oppgradering og det er heller ikkje prioritert midlar i NTP til spesielle tiltak på strekninga, slik at evt. tiltak her vil måtte bli vurdert og prioritert opp mot andre tiltak på riksvegnettet.».

Vi som bur og ferdas dagleg langs denne vegen ønsker framdrift i saka og er oppgitte over at ting tar lang tid. Sidan dette er ein veg som både Bergen kommune, Statens vegvesen og fylkeskommunen har ansvar for, tar eg også kontakt med deg. Det er fleire tiltak som må gjerast på denne vegen for at den skal vera trygg for bebuarar, skuleborn og syklande. Truleg vil du vite litt kva som er mogeleg å få til på kort og lengre sikt, og eg håpar me kan ta ein prat om dette i nær framtid. Gjerne eit møte i Bergen eller på telefon.

Høyrer frå deg!

Helsing Helene Unneland
tlf. 45 27 92 72